

# Måldokument frå foreldra ved Kleppe skule

FAU i samarbeid med klassekontaktar og skule arrangerte våren 2017 ei rekke kafédialogar på foreldremøta. Hensikten var å koma foreldra i tale og å involvere dei som har hovudansvar for oppseding av barna.

Vidare ynskte FAU å lage ei felles plattform for korleis me er saman med barna i kvardagen, og me ville gjerne ha konkrete tips og råd til aktivitetar for barna. Alt dette fekk me! Det er utruleg kor samstemte foreldra er, uansett klassesteg når det gjeld møte med barna også utanfor skulen.

## Sosiale mål

Foreldra i Kleppe skule vil at me skal framsnakka kvarandre, altså snakke positivt om kvarandre. Me skal snakke med og ikkje om andre barn og foreldre. Me skal ha forståing for at ting kan bli gjort ulikt i ulike familiar, men at det ikkje treng å vere feil, bare annleis. I staden for å vere skeptisk til andre veremåtar og vanar, skal me heller spørje og vere opne for andre løysingar.

Det er bra at barna møter andre barn i ulik samanheng. Når dei kjenner mange, er sjansen mindre for mobbing. Ein mobbar ikkje venene sine.

## I møte med barn og foreldre skal me:

- vere interessert, seie «hei» og spørje korleis dei har det.
- vise at me ønskjer å bli kjent med dei, «sjå» andre ungar.
- prøva å læra oss namna på dei andre elevane i klassen.
- vere positive til ungane sine venner og vise interesse for barna sin kvardag.
- vere rause og inkluderande foreldre, ta imot andre barn på overnatting/middag etc
- spør etter dersom me ser nokon som ikkje har det bra.
- gjere noko aktivt dersom me oppdagar at nokon er på "utsida", går aleine.
- prøve å gjere noko med dårlege veremåtar og snakke med barna om dette, prøve å hjelpe barna våre til å sjå andre sine gode sider.
- oppmuntre til fritidsaktivitetar.
- formidle tydelege vaksne haldningar.

## I møte med skulen skal me:

- prioritere arrangement på skulen.
- læra barna å ta ansvar/initiativ til å betra klassemiljøet.
- vise respekt i møter.
- varsle skulen dersom me får kjennskap til at barn ikkje har det bra.

## I møte med sosiale medier, dataspel etc bør me:

- vurdere om spelinga går ut over sosialt liv, vener, fritidsaktivitetar.
- vurdere om eigen nettbruk grunnlag for å vere gode rollemodellar.
- snakke med barna og følge med på kva barna held på med, be om å sjå meldingar/messenger/snap etc.
- ha kommunikasjon mellom foreldra når det gjeld kva barna ser, spelar etc

- vere klar over kor mykje av den sosiale kontakten som skjer på sosiale medier.
- Vere klar over at mykje mobbing foregår i sosiale medier.
- vere interesserte foreldre.

## Konflikt mellom vårt barn og andre ungar

Det viktigaste arbeidet for å unngå konflikt er sjølvsagt å arbeide førebyggjande. Gjennom førebyggjande tiltak som t.d. vennegruppe og leikeavtalar skapar me gode sosiale miljø som verkar førebyggjande på mobbing.

Det viktigaste er å skape trygge barn. Trygge barn har mindre behov for å mobbe andre, og trygge barn er vanskelege å mobbe.

Med å involvere seg og skape god dialog vil me oppdage konflikter på tidleg stadiet om hjelpe barna ut av situasjonen før det vert vondt og vanskeleg. Det er aldri feil å gripe inn, men me skal ha respekt for barnet og deira syn.

Når situasjonen oppstår bør me få fram begge sider av konflikta, finne utgangspunktet, kva skjedde. Vidare går me i dialog med barna og dei vaksne. Viktig å ha respekt for begge partar si oppfatning. Rettleie barna i løysing av konflikter. Ver merksam på at det kan vere ditt barna som skaper konflikt. Ver tøff nok til å takle det.

Det er viktig å ikkje ver redd for å gå inn i ei konflikt sjølv om det ikkje gjeld egne barn. Ta tak i utfordringa med ein gong, då er det lettare å ordna opp.

Kontakta foreldra til dei det gjeld, møt foreldre som tek kontakt på ein god måte. Dei aller fleste foreldra er glade for å bli kontakta, og er meir enn villig til å løyse utfordringa.

## Aktivitetar

Me inviterer alle i klassen/alle av same kjønn i klassen til selskap ut heile barneskolen. Har ein praktiske utfordringar, kan ein be om hjelp til å gjennomføra bursdag. T.d. er det mange som har bursdagar saman. Ein kan t.d. leige turnhallen for å ha god plass. Nokre foreldre synes det kan vere vanskeleg å invitere alle pga utagering etc. Då bør dei invitere barna med foreldre.

Det er viktig at alle deltek i vennegrupper. Dette er ein fin måte til å bli kjent med andre i klassen enn dei ein møter til vanleg. Kjekt for både barn og foreldre. Hugs at det ikkje skal krevje mykje arbeid, barna kan leike eller lage ting. Kjekt om dei får vanleg kveldsmat. Skulen bør sørge for at informasjon om vennegrupper kjem ut på alle aktuelle språk. Er det naudsynt, bør det vere med tolk på vennegruppa.

Utanom organiserte aktivitetar kan ein sjølvsagt stå meir fritt til korleis ein gjer det. Men nokre råd har foreldra likevel laga. Det er kjekt å vere saman med andre, og som foreldre kan me hjelpe til med det sosiale livet til barna. Me kan t.d. invitere andre barn heim, t.d. til filmkveld. Ta kontakt med andre foreldre for å gjera avtale om at ungane kan leika saman på

fritida/koma på besøk/ treffast ein plass for felles aktivitet. "Dra med" barn som fell utanfor i leik/situasjon, invitere andre barn en dei "vanlege" vennene som ofte er på besøk. Det er alltid hyggeleg å inkludere vener ved måltid (middag, kvelds).

Mange barn vert passive og sit heime med telefonen sin. Då kan det vere lurt å vere litt «gamaldags», gå ut og sjå om det er nokon heime i staden for å ringe/melde, invitere barn til naboleik, gå turar saman og ha "Åpen heim" der alle er velkommen inn/heim.

Det er viktig for barnet at du seier ja til å vera med andre heim og å koma i bursdag.

### **Organiserte aktivitetar**

Det er eit svært godt tilbod til fritidsaktivitetar i kommunen. Mange barn går på mange aktivitetar. For ein del av foreldra kan det vere vanskeleg å få kvardagen til å gå opp med jobb og fleire barn med mange aktivitetar. Då kan det vere lurt å hjelpa kvarandre med t.d. transport til og frå aktivitetar.

Me bør oppfordre barna til sosiale aktivitetar, idrett, frivillige organisasjonar og me kan tipsa andre foreldre om fritidsaktivitetar slik at barna kan treffast også der.

Hugs det betyr mykje for barna at vi tar del i aktivitetane deira, heie på fotball/handballkamp, vere med på korpsstemne, gå på turnoppvising etc.

### **Klassekontakt-aktivitetar**

Alle foreldre bør ha ein periode som klassekontaktkontakt, ein lære m.a. å kjenne barna betre. Arrangement bør ikkje ha for store grupper, betre å halde arrangement "små" ikkje heile trinn, best klassevis. Gjerne saman med foreldre.

Me bør ikkje lage for avansert aktivitet, lage aktivitetar som alle kan vere med på og som ikkje kostar noko. Det viktigaste er å finne aktivitetar som får barna til å samarbeide.

Kan me få meir involvering frå foreldre? Sosial kveld berre for foreldra? Det er ynskjeleg at fleire foreldre er med på å arrangere aktivitetar som t.d. påskefrukost.

Alle klassar bør ha facebook-gruppe for oss foreldre der me enkelt kan planlegge turar og aktivitetar.

### **Klassefest, sosial kveld**

Alle foreldre kan lage til klassefestar, kan t.d. leige turnhallen, ha ulike tema Som t.d. Disko, pysjamas-party etc.

### **Ut på tur**

Me kan arrangere tur med overnatting i lavvo, kanotur. Sykkeltur til jordbruksskulen med tur til gapahuken, eller Frøylandsvatnet rundt. Tur der vi samlar ting og lagar noko av det, såkalla «Land-art».

Refleksrebus og skøytekveld er fin vinteraktivitet.

Sporleik, stafett, fotball er alltid populært. Gjerne kombinert med grilling; hytta i Toreskogen eller ved skulen kan brukast.

### **På skulen**

Skulen/klassekontaktane kan arrangere «Hemmeleg ven» (trekke lapp med namn og får i oppgåve å seie fine ting til kvarandre)

Me kan utfordre barna til å gjere noko bra for nokon andre på skulen, for eksempel gjere

nokon glad eller lage ein «kompliment-boks».

Andre aktivitetar kan vere spel-kveld med kveldsmat, Jentegruppe- relasjonsbygging, Filmkveld, skolekjøkken, felles aktivitetar i gymsalen, fotballkveld i gymsalen, spel-turnering; sjakk, kanonball, sandvolleyball, krocket mm

Rollespel som «Skulen slik det var på 80-talet». Juleverkstad. Aktivitetar som mange kan vera med på (hoppetau, fotball, stikkball, strikk, stiv heks, tikken, o.l.). Ope hus på skulen ein gong i månaden. Sommaravslutning med kjekke aktivitetar for alle.